



TENKJER FRAMOVER: Flåværingen Gunder Trommald skal drøfte framtida men Sigbjørn Johnsen. (FOTO: PRIVAT)

Skal gi råd til Johnsen

■ Flåværing invitert til finansministeren

Gunder Trommald (18) får møte Sigbjørn Johnsen.

ABELONE Å. EIKLID
aae@hallingdolen.no

23. januar neste år skal ungdom frå heile landet treffe ministeren. Gunder Trommald frå Flå sit i Hallingdal Ungdomsråd. Han er ein av tre frå Buskerud som skal delta på konferansen.

Bra dei bryr seg

Deltakarane skal diskutere korleis Norge skal vera i framtida. Johnsen vil vite kva ungdom meiner om landet vårt no og seinare.

– Eg synest det er artig. Og eg synest det er bra at ein gjer slike ting for å vise at dei vaksne faktisk bryr seg om kva me meiner. Eg trur det kan bli lærerikt å finne ut kva me kan bidra med også. Kanskje me faktisk har nokre innspel som

finansministeren vil ta med seg, seier Trommald.

Framtidas vaksne

Sidan Sigbjørn Johnsen vart finansminister i 2009, har hovudbodskapen hans har vore det han kallar «generasjonskontrakten». I dialogen med ungdom er han oppteken av å diskutere desse utfordringane. Det er dagens ungdom som er framtidas vaksne, og som vil prege samfunnsutviklinga framover.

Finansministeren inviterer difor tre ungdommar i alderen 15 til 19 år frå kvart fylke.

Sikre velferdstilbud

Slik er temaet for møtet, skildra på **Finansdepartementet** sine nettsider:

«Finansieringen av velferdsstaten utfordres fra flere kanter. Aldringen av befolkningen betyr færre yrkesaktive bak hver pensjonist. En mindre andel av befolkningen må



SAMLAR UNGDOMMEN:
Finansminister Sigbjørn Johnsen er oppteken av kva framtidas vaksne meiner. (ARKIVFOTO)

dermed finansiere velferden. Vi må innrette oss slik at vi også i framtida kan sikre at vi har et godt velferdstilbud i alle livets faser, fra barnehage og skole som ung til pleie og omsorg som gammel. Vi som lever i dag må dekke våre behov uten å ødelegge kommende generasjoners mulighet til å dekke sine.»

Nes krev meir utgreiing

Nes kommune vil ikkje ha permanente massedeponi.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

I eit høyringssvar til konsekvensutgreiinga for det planlagde kraftverket Heimsil III uttaler teknisk utval at deponia heller ikkje må påverke kulturminne. Men kommunen er positiv til mellombelse deponi.

I svaret understrekar utvalet at det er viktig å få belyst effekten av grunnvasstanden nær tunnelen, effekten på fisk og ferskvatn, og effekten av massedeponi. Fordi kvaliteten på steinmassane ikkje er kjent, meiner utvalet at det er viktig å få greidd ut grundig korleis massar som er lite eigna til pukk blir handtert. Tippområda

Innspel til Hemsil III



FAKSIMILE FRÅ HALLINGDØLEN 10. NOVEMBER.

må også sikrast både under og etter anleggsperioden, påpeikar utvalet.

Hallifossen kan bli hovudutløpet for eit framtidig Heimsil III. Teknisk utval understrekar at naturmiljøet og lokalklimaet nedanfor Hallifossen må greiast ut.



ZETOR PROXIMA 70

Kampanjepris:
Zetor Proxima 70 med 68 hk, 40 km/t og 3 dobbelhydrustak.
Nå med 4 års fabrikkgaranti inntil 2700 timer.
Inkl. Trac-Lift 120 SLI laster
Trac-Lift har parallellføring, demper og 3. funksjon.
Fra kr. **299.900,-** Zetor

Prisen er ekskl. mva, frakt og klargjøring



BUSKERUD PARK OG MASKIN AS
3370 Vikersund
TROND THORSETH
Tlf. 926 26 084
www.bpmaskin.no



HCP Norge
www.hcpetersen.no





HOL SPAREBANK
SIDEN 1905

Hvorfør ikke gå HELT TIL TOPPEN?

NYHET!
Odnak plasseringskonto gir deg høy og trygg avkastning på sparepengene dine: NIBOR + 0,5%

Kontakt oss for en prat om sparing og plassering. Vi har et meget konkurransedyktig utvalg av spare- og plasseringsprodukter. Sammen finner vi gode løsninger tilpasset ditt behov.

Les mer om våre spare- og plasseringsprodukter på holsparebank.no

Vi tar deg med helt til toppen